

## Vedtak om eigedomsskatt i Ullensvang kommune



Odda kommune, Ullensvang herad og Jondal kommune vert samanslått til Ullensvang kommune frå 2020.

Fellesnemnda vedtok i sak 021/18 at Ullensvang kommune skal skriva ut eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 3 d. Dette alternativet inneber at det vert skrive ut eigedomsskatt på næringsseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum. Eigedomsskatt er eit årleg budsjettvedtak i kommunestyret.

Utskriving av eigedomsskatt er gjort for å styrkja kommuneøkonomien, og medverka til at kommunen kan oppretthalda eller betra tenestetilbodet til innbyggjarane.

Ullensvang herad hadde frå 2014 - 2019 eigedomsskatt på alle faste eigedomar. I ny kommune frå 2020 vert det ikkje skrive ut eigedomsskatt på bustader og hytter i tidlegare Ullensvang herad. Odda kommune og Jondal kommune hadde før kommunesamanslåing eigedomsskatt på "verk og bruk". Dei får ved overgang til ny kommune utvida til all næringsseigedom.

Stortinget vedtok å endra eigedomsskattelova med verknad frå skatteåret 2019. Eigedomsskattekategori "verk og bruk" vert avvikla, og eksisterande verk og bruk vert næring. Produksjonsutstyr og -installasjonar skal ikkje lengre vere ein del av taksten, og skal fasast ut over ein periode på 7 år.

Det skal, som hovudregel, vere ei allmenn taksering i kommunen kvart tiande år jf. eigedomsskattelova § 8. Dersom det føreligg "særlege tilhøve" kan ein gjennomføre ei allmenn taksering sjølv om det ikkje har gått 10 år sidan forrige taksering. Kommunesamanslåing er eit "særleg tilhøve". Eigedomar skal verdsetjast ved takst. Taksten skal stå fast i 10 år. I løpet av 10 år kan det skje endringar på eigedomen (t.d bruksendring, frådeling, riving, nybygg o.l). I slike tilfelle vert eigedomen omtaksert. Eigedomsskatten regulerer seg etter matrikkelen/eigedomsregisteret, og vert skriven ut frå tilhøva på eigedomen 1. januar.

Verditaksering Kjell Larsen AS synfarer aktuelle eigedomar i 2019/2020 og kjem med forslag til takst. Sakkunnig nemnd for eigedomsskatt fastset takstane.



Eigedomsskatten i nye kommunen må vere samkjørt innan 2022, men målet er å ha det likt i dei tre tidlegare kommunane frå 2020. Som hovudregel skal eigedomsskatten vera utskriven før 1. mars i skatteåret. Det fyrste året eigedomsskatt vert skrive ut er fristen innan utgangen av juni.